

## **LEIINGA SI VURDERING AV KRITISKE VERDIAR FOR DEKKSOFFISER**

### **Innhald i utdanninga**

Resultata syner ein svak nedgang totalt, og størst skilnad frå førre år er hos 2.klasse Nedre Nygård. Det har vore stort sjukefråvær og såleis vore eit år med mykje vikariat i den klassen. Det er i løpet av skuleåret 17/18 utarbeidd nye og lettare studieplanar, som vil verta tekne i bruk frå skulestart hausten 2018. Vi meiner med dette at det skal verte betre for studenten å sjå samanhengen mellom studieplanar og periodeplanar tydelegare enn tidlegare. Det er også fleire kommentarar frå studentar kor ein seier at innhaldet i utdanninga er «utdatert». Skulen fylgjer dei planane som ligg føre. Desse er i stor grad styrt av IMO. Skulen er representert i i MarkomFS si prosjektgruppe som i desse dagar utarbeider nye emneplanar for dei maritime fagskulane i Noreg. Målet er å få inn det grønne skiftet og ny teknologi i dei nye planane.

### **Utstyr og annan infrastruktur**

Her er det skilnad mellom studiestadane, kor studiestad Austevoll er meir nøgd med utstyr og fasilitetar enn på Nedre Nygård. Begge studiestadar har relativt nye og moderne klasserom. Bergen har eit større simulatoranlegg og har også simulator for lastebehandling, noko Austevoll ikkje har. Det har vore uttrykt misnøye i Bergen når det gjeld luftkvalitet både i klasserom og i simulatoranlegg. Klasseromma er betre no, men det er eit behov for kjøling av simulatoranlegget på Nygård og i serverrom. Studentane ynskjer og betre moglegheiter for utskrift enn det som var tilfellet førre år.

### **Samarbeid med næringslivet**

Her er resultatet for lågt, og vi må jobbe hardare for å få eit enda tettare samarbeid, samt synleggjere til studentane kva samarbeid vi allereie har med næringslivet, som studentane nødvendigvis ikkje merkar noko av. Rapporten syner og stor skilnad mellom studiestadane sjølv om det i år også har vore større aktivitet mot næringsliv i Bergen samanlikna med Austevoll. At ein har lågast skåre for førsteklasse er naturleg, då vi normalt legg studieturar og mesteparten av eksterne føredrag for andreklassane. Tiltak for neste år kan vere å arrangere ein karrieredag kor reiarlag og andre maritime næringar vert invitert til skulen for føredrag og informasjon. Vi ynskjer også å få til fleire ekskursjonar, og spesielt for førsteklasingane.

## **Undervisninga**

Det er stor variasjon i svara frå studentane når det gjeld undervisning. Emne som skil seg med låg skåre i år er Navigering andreklasse Nedre Nygård og realfaga i begge klassar i Austevoll. Her er det mykje dårlegare enn førre år.

Som nemnd tidlegare har det vore store utfordringar med høgt sjukefråvær dette året. Studentane saknar ei tettare kopling mellom realfaga og konvensjonsfaga. Dette er mogleg å tilpasse betre for faglærar. Det vart i sommar også tilsett ny lærar i Navigering på Nedre Nygård, og vi vonar såleis at vi får betre stabilitet i undervisninga.

## **Det totale læringsmiljøet**

Rapporten syner ein nedgang i resultatata når det gjeld det totale læringsmiljøet. Dette er naturleg når undersøkinga viser ein generell nedgang i resultat. Ein ser at det er andreklasse Nedre Nygård som er minst nøgd med læringsmiljøet. Det har og vore eit dårleg klassemiljø for same klasse, noko som vert kommentert av studentar i undersøkinga. Dette har vi vore klar over, men har ikkje lukkast med å betre miljøet i denne klassen. Det vil verte eit sterkt fokus på klasseleiing som eit tiltak for å hindre dårleg klassemiljø.

## **LEDELSENS VURDERING TIL KVALITETSMELDINGEN FOR BORING OG HAVBUNNSINSTALLASJONER**

### **Innhold i utdanningen**

Svarene fra studentundersøkelsen viser at vi må aktivt jobbe for å gjøre studieplanene bedre kjent.

### **Generelle tilbakemeldinger studiested Nygård**

Studentundersøkelsene for boring og havbunnsinstallasjoner har dette året en svært lav svarprosent – samtlige ligger mellom **42% og 48 %** i svarprosent.

Studentene på boring og havbunnsinstallasjoner er stort sett godt fornøyde første året. Det er likevel noen områder som bør forbedres. Studentene i andre året har hatt en vanskelig jobbsituasjon. Dette har medført et dårlig klassemiljø, som nok påvirker undersøkelsen.

### **Lokaliteter**

Fagskolen har lokaler/klasserom i E-blokken. Utfordringen er dårlig luft og ikke mulighet for lufting. Dårlig luft i klasserommene har gang på gang blitt meldt som avvik til eiendomsavdelingen i Hordaland fylkeskommune uten at det har blitt tatt aksjon. Vi har dette skoleåret også hatt en høyfrekvent «pipelyd» i klasserommene i e-blokken. Dette har vært skrevet avvik på og sendt til HFK eiendom. Problemet har vedvart hele skoleåret og har nettopp blitt løst. Dette påvirker resultatet av undersøkelsen.

### **Samarbeid med næringslivet.**

Her svarer studentene at vi ikke har tett samarbeid med næringslivet. Dette skyldes trolig for dårlig informasjon til førsteårsstudentene på alle våre aktiviteter.

**Aksjon:** bedre informasjon ved skolestart.

Blant andreårsstudentene oppgir noen at vi har lite samarbeid med næringslivet. Andreårsstudentene på havbunnsinstallasjoner har deltatt en uke på Statoils opplæringscenter, og de har hatt 4 utplasseringer på Statoil- Ågotnes med praktiske oppgaver på havbunnsutstyr. Totalt nesten 3 ukers opplæring. Når flere sier at skolen ikke har samarbeid med næringslivet, må vi trolig se etter andre grunner for svaret. I de emner som er under kvalitetsnorm vil vi ha tett oppfølging av klassemiljø og lærere fra skolestart høsten 2018.

Hovedprosjektet er en viktig del av skolens undervisningsopplegg. For skoleåret 2017-2018 har vi «samkjørt» gjennomføringen av hovedprosjekt med studiested Nordnes. Dette har satt endret og strengere krav til studentene. Dette har medført en rekke «klager» - spesielt i starten. Dette har gitt negative utslag i undersøkelsen. Vi mener likevel at det var flere positive effekter av å ta denne «omleggingen» og studentene har levert meget gode hovedprosjekter. De har også fått meget gode karakterer både på hovedprosjektet og muntlig fremføring.

**Aksjon:** Konklusjonen er at dette skal videreføres.

## LEDELSENS VURDERING TIL KVALITETSMELDINGEN FOR MASKINOFFISER

Det er lavere svarprosent i årets undersøkelse enn normalt.

Det fordeler seg med:

1 Maskinoffiser	68 %, 15 besvarelser
2 Maskinoffiser	56 %, 15 besvarelser

Det er to hovedtrender i avvik fra kvalitetsnormen:

Førsteårsstudentene er gjennomgående misfornøyd med studiet, bortsett fra egen innsats.

Andreårsstudentene er gjennomgående fornøyd med studiet og skolen, også egen innsats.

### **Tilleggs kommentar:**

Årsaken til lav score i 1. år maskinoffiser klassen er sammensatt:

- Mye frustrasjon med lokaliteter (dårlig luft i E-blokk).
- Problemer med IKT-systemene, skrivere og nett-tilgang.
- Klassen har også et dårlig læringsmiljø.
- Klassen er redusert fra 30 ved oppstart til 21 studenter ved overgang til andre klasse.

Det skal utarbeides en tiltaksplan for klassen i samarbeid med klassekoordinator og klassens lærere.

### **Forslag til felles kvalitetsmål for kommende skoleår:**

- Skolen skal ha fokus på studieplaner og næringslivssamarbeid i kommende skoleår.
- Alle klasser skal minst to ganger pr. skoleår gjennomgå studieplanen med klassekoordinator.
- Lærernes fremdrifts-/periodeplaner skal inneholde referanser til studieplanene.
- Alle klasser skal ha minst ett foredrag/ekskursjon/omvisning med relevans mot studiet.